

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Sakshandsamar:** Stine Mari Sørensen  
**Telefon direkte:** 91775148  
**Dato:** 07.04.2026  
**Referanse:** 23/08446-26

**Dykkar dato:**  
**Dykkar referanse:** Monica Tryti Dregelid

## **Høyring - søknad om fornyelse av konsesjon for Høyanger helikopterplass, Fjellvegen og Høyanger helikopterplass, Ekrene**

### **1. Om høyringa**

Luftfartstilsynet gjennomfører med dette ei offentlig høyring av søknad frå Statkraft Energi AS (org 987 059 729) om fornyelse av konsesjon for å etablera, driva og inneha to helikopterplassar i Høyanger.

Alle interesserte partar er inviterte til å kome med innspel til søknaden. Høyringsinnspel må sendast til Luftfartstilsynet innan 22. mai 2026 via Digipost eller eFormidling, og merkast med saksnummer 23/08446. Høyringsfristen er sett til seks veker ettersom saka ikkje inneheld vesentlege endringar frå den konsesjonen som vart gitt i 2023.

Høyringa er open for alle. Vi oppmodar høyringsinstansane til å vurdere om høyringa bør vidareformidlast til andre relevante interessentar. Dette kan til dømes innebære at høyringa vert lagt ut til lokal kommunal høyring før eventuell uttale vert gitt.

### **2. Bakgrunnen i saka og søknaden**

Statkraft Energi AS (org 987 059 729) fekk 15. november 2023 konsesjon til å etablera, driva og inneha Høyanger helikopterplass, Fjellvegen og Høyanger helikopterplass, Ekrene.

Vår dato  
07.04.2026

Vår referanse  
23/08446-26

---

Dagens konsesjon varar til 1. oktober 2025, likevel slik at Høyanger helikopterplass, Fjellvegen, berre kan bli brukt fram til 1. mai 2025. Konsesjonen gjeld for eit samla trafikkomfang på maksimalt 18.000 flyrørsler i konsesjonsperioden for begge landingsplassane.

Statkraft Energi AS har, gjennom konsulentselskapet Bystøl AS, sendt ein søknad til Luftfartstilsynet om endring av konsesjon.

På grunn av lang behandlingstid hjå NVE har Statkraft Energi AS sett seg nøydd til å utsette oppstart av riveprosjektet i Høyanger. Omfanget av riving ved K1 (Fjellvegen) og K2 (Ekrene) er og noko redusert pga. stiftingar som skal overta deler av anlegga for historisk bevaring. I den samanheng søker Statkraft Energi AS om ei forlenging av den gjeldande konsesjonsperioden med fem år, samt om eit redusert tal på flyrørsler i perioden.

Ettersom konsesjonen er utløpt, vurderer Luftfartstilsynet søknaden som ei fornying av konsesjon, og legg til grunn at det i hovudsak er tale om vidareføring av tidlegare tiltak og vurderingar.

Statkraft Energi AS søker om løyve til å drifte helikopterlandingsplassen ved K1 for en periode på 3 månader, og helikopterlandingsplassen ved K2 for en periode på 15 månader innafor konsesjonstida som blir søkt om. Statkraft Energi AS har berekna at det vil vere behov for om lag 12.000 flyrørsler samla for heile konsesjonsperioden. Likevel søker dei om konsesjon for inntil 13.000 flyrørsler, sidan det er vanskeleg å planlegge bruk av helikopter korrekt ned til kvar minste arbeidsoppgåve.

Luftfartstilsynet har vurdert den innsendte søknaden og legg til grunn at det ikkje er søkt om endring av andre vilkår i konsesjonen. Dette inneber at dei resterande vilkåra framleis skal leggjast til grunn ved vidare behandling av søknaden.

I søknaden er det skildra at dispensasjonssøknaden for helikopterlandingsplassen i Fjellvegen ligg til behandling hjå Høyanger kommune. I følge Statkraft Energi AS var det ikkje nødvendig med slik dispensasjon for helikopterlandingsplassen ved Ekrene, då denne allereie var regulert med kombinert formål.

Luftfartstilsynet viser elles til kopi av søknaden, som saman med dei andre høyringsdokumenta er tilgjengeleg på [www.luftfartstilsynet.no](http://www.luftfartstilsynet.no), under fana «Høyringar»

### 3. Konsesjonsregelverket

Alle som vil starta opp, driva eller ha ein landingsplass skal som hovudregel ha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartslova § 7-6 skal konsesjon berre bli gitt når det er «forenlig med allmenne hensyn». Det skal bli henta inn fråsegn frå relevante kommunale og andre styresmakter før konsesjon eventuelt blir gitt.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er nærare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplasser (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, som har slik ordlyd:

*«Formålet med forskriften er:*

*b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»*

Det følger elles av luftfartslova § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn grunn til å krevja. Konsesjon for landingsplassar til privat bruk blir som hovudregel gitt for ein periode på 10 år, i samsvar med konsesjonsforskrifta § 15.

Konsesjonsforskrifta § 14 fastset krav til opplysningar som skal følgje søknad om fornying av konsesjon.

## **4. Høyringa**

### **4.1 Innleiing**

Luftfartstilsynet ber høyringsinstansane om ei vurdering av endring av konsesjon opp mot allmenne omsyn, med særleg vekt på dei omsyna som er tatt inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b. Utanom dei forholda høyringsinstansane eventuelt sjølv ønskjer å ta opp, ber me om at det i fråsegna blir tatt stilling til dei forholda som er framheva i pkt. 4.2 med vidare nedanfor.

### **4.2 Forholdet til kommunal arealplan**

Det følger av luftfartslova § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan givast i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Ein kan likevel gi konsesjon i strid med arealplanar dersom vedkomande plan- og bygningsstyresmakt samtykkjer til ferdigbehandling av konsesjonssøknaden.

Statkraft Energi AS har skildra at dispensasjonssøknaden for helikopterlandingsplassen i Fjellvegen ligg til behandling hjå Høyanger kommune. I følge Statkraft Energi AS var det ikkje nødvendig med slik dispensasjon for helikopterlandingsplassen ved Ekrene, då denne allereie var regulert med kombinert formål.

Det vil vera ein føresetnad for at Luftfartstilsynet kan gje konsesjon at spørsmålet knytt til arealplanen er tilstrekkeleg avklart. Me ber difor høyringsinstansane, særleg kommunen, gje fråsegn om sitt syn på dette.

For det tilfellet at søknaden er i strid med arealplanen, vert det bedd opplyst om kommunen likevel samtykkjer til ferdigbehandling av konsesjonssøknaden. Eit slikt samtykke vil i så fall vere uttrykk for at kommunen er innstilt på å gjennomføre planendring eller vurdere moglegheita for å dispensere frå gjeldande plan, slik at konsesjonstiltaket også vert forankra i plangrunnlaget til kommunen.

### 4.3 Forholdet til naturmangfaldlova

Luftfartstilsynet har innleiingsvis i saksbehandlinga sett hen til lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av mangfaldet i naturen (naturmangfaldslova) §§ 8 til 12, jf. § 7.

Sidan søknaden i hovudsak gjeld vidareføring av tidlegare konsesjon, tek Luftfartstilsynet utgangspunkt i vurderingane og miljøutgreiinga som vart gjort i samband med vedtak om konsesjon 15. november 2023. Då vart det vurdert at konsesjonen ikkje var i konflikt med prinsippa i naturmangfaldlova, og at det ikkje var grunnlag for nærare undersøkingar etter lova.

Luftfartstilsynet antar likevel at høyringsinstansane kan ha større kunnskap om naturmangfaldet i området, og dei moglege innverknadene til landingsplassen på dette. Dersom det er nye forhold som høyringsinstansen meiner nødvendiggjer ei nærare vurdering, ber vi om ein særleg kommentar om dette, ved sida av oversending av det konkrete kjeldegrunnlaget kommentaren byggjer på.

### 4.4 Støy

I vedtak om konsesjon 15. november 2023 fekk Statkraft Energi AS dispensasjon frå kravet om støyutrekning, med grunnlag i konsesjonsforskrifta § 11 (3). Søkjaren grunnjev søknaden med at helikopterlandingsplassane ligg i god avstand til bygningar med støysensitivt bruksføremål. I vedtaket vart det lagt vekt på at drifta av landingsplassen er mellombels, at det er få bustader i nærområdet, og at det etter det Luftfartstilsynet forstod, ikkje er planlagt utbygging i området.

På bakgrunn av søknaden vurderer Luftfartstilsynet om det framleis er grunnlag for å gi dispensasjon frå støyutrekning. Vi ber høyringsinstansane kommentere dette særskilt.

### 4.5 Bruksrett til grunnen

Det er ein føresetnad for å få konsesjon at søkjaren innehar eksklusiv rett til å nytta det aktuelle området som landingsplass, jf. konsesjonsforskrifta § 3 (3). Luftfartstilsynet legg til grunn at søkjar framleis har bruksrett til grunnen, og ber høyringsinstansane kommentere dette særskilt dersom det ikkje stemmer.

## 5. Konesjonsvilkår

Luftfartstilsynet har lagt ved eit utkast til konesjonsvilkår. Vilkåra byggjer på Luftfartstilsynet sin generelle praksis og mal for vilkår, opplysningar i søknaden og vilkåra i konesjon frå 15. november 2023.

I tråd med det Statkraft Energi AS søker om, er konesjonsperioden sett til fem år frå 29. august 2025, dvs. til 29. august 2030. Trafikkomfanget for konesjonen er sett til 13.000 flyrørsler for konesjonsperioden, likevel avgrensa til ein periode på 3 månader for Høyanger helikopterplass, Fjellvegen, og 15 månader for Høyanger helikopterplass, Ekrene.

Luftfartstilsynet noterer at ei flyrørsle er enten ein avgang eller ei landing med luftfartøy. Dei 13000 flyrørslene vil omfatte all aktivitet på landingsplassane.

Ramma for trafikkomfanget er absolutt. Dersom det i konesjonsperioden er aktuelt med eit høgare tal flyrørsler, må konesjonen først endrast.

Elles viser vi til det vedlagde utkastet til konesjonsvilkår. Me understrekkjer at dei vedlagde konesjonsvilkåra er førebelse utkast, og at desse såleis kan bli endra i etterkant av høyringa, også på grunnlag av mottatte fråsegn i høyringsperioden.

Med vennleg helsing

Asgeir Fløgum Vågan  
juridisk seniorrådgiver, fagansvarlig flyplass  
og konesjon  
direktoratsavdelingen

Stine Mari Sørensen  
juridisk seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjend og krev derfor ikkje signatur.*

Kopi til: Samferdselsdepartementet, Statkraft AS, Høyanger kommune, Statsforvalteren i Vestland, Vestland fylkeskommune